



Høgskolen i Telemark

SLUTTPRØVE

6054 LOGISTIKK

31.05.2011

Tid:	<i>9-13</i>
Målform:	<i>Bokmål/nynorsk</i>
Sidetal:	<i>3 (inkludert denne framsida)</i>
Hjelpemiddel:	<i>Ingen</i>
Merknader:	Oppgave 1 tel 50% og oppgave 2 og 3 tel 25% kvar.
Vedlegg:	Ingen.

Eksamensresultata blir offentliggjort på Studentweb.



Avdeling for allmennvitenskaplige fag.

BOKMÅL

I Seljord har det blitt etablert en bedrift som produserer kosmetiske artikler for både kvinner og menn. Bedriften var i drift noen år i Oslo-området, men billige lokaler, kvalifisert arbeidskraft og diverse støtteordninger av finansiell art, førte til flyttinga til Seljord. Dessuten mente en å kunne dra markedsmessig nytte av en lokalisering til et landlig miljø uten stor forurensning. Forretningsideen bak firmaet og merkenavnet Herbia er nemlig at det skal være miljøvennlige produkt, i hovedsak basert på ulike urter. De kjemiske tilsetningsstoffa som er nødvendige sammen med urtene, er kjent som svært harmløse. Ledelsen legger stor vekt på å få fram at produkta og tilsetningsstoffa ikke har vært testa på dyr.

Distribusjonen har til nå i hovedsak gått via parfymeri som sisteledd overfor forbrukerne, men en vurderer ulike andre løsninger. På den ene sida er det mulig å utvide markedet mye ved å satse på dagligvarehandelen, men de er litt skremt over utviklinga der. Det kunne være aktuelt å gjøre som Anita Roddick som starta Body Shop-kjeden i England i 1976, og starte en egen franchisingkjede. Du får i oppgave av ledelsen ved Herbia A/S å greie ut om ulike spørsmål i samband med logistikk og distribusjon for bedriften.

Oppgave 1. (Vekt 50%)

I forbindelse med kartlegginga av nåværende ordninger skal du gi en oversikt over et mulig logistikksystem basert på:

1. Direkte distribusjon gjennom parfymeri og egne Herbia-utsalg.
2. Indirekte distribusjon via dagligvareforretninger.

Som råvarer kan du regne glasskrukker med lokk, diverse plastartikler(flasker, tuber o.l.), etiketter, ingredienser som ikke er holdbare (urter av ymse slag), andre ingredienser(kjemikalier o.l.), småesker til noen av produkta og pappemballasje til å pakke de forskjellige ferdigprodukta i. På grunn av at det er små ordre til mange av distributørene og ulike typer emballasje, må den delen av pakkeprosessen der produkta skal i pappemballasje, skje skilt fra selve produksjonsprosessen.

- a) Gi en oversikt over et logistikksystem for Herbia A/S. Kommenter systemet og drøft ulike alternative løsninger. Du skal blant annet vurdere om det er mulig å tenke seg returløsninger for emballasjen og om det er ønskelig å bruke depot.
- b) Grei ut om de faktorene(effektivitetskriteria) en legger mest vekt på ved valg av logistikk-løsning.

Oppgave 2. (Vekt 25 %)

Med utgangspunkt i den profilen Herbia legger opp til, er temaet grønn logistikk svært aktuelt. Det er viktig å tenke helhet og da er det ikke nok bare å tenke på at ingredienser er naturlige og basert på prinsippet om bærekraftig produksjon.

- a) Gi en generell utredning om ulike aspekt ved temaet grønn logistikk.
- b) Vurder logistikkopplegget du har skissert for Herbia med hensyn til hvor i systemet prinsipper for grønn logistikk er særlig relevant.

Oppgave 3. (Vekt 25 %)

Herbia må blant annet vurdere om de skal utføre alle funksjonene i logistikksystemet selv eller om de skal bruke andre aktører.

- a) Grei ut om hvilke typer aktører det kan være aktuelt å ta kontakt med.
- b) Gi en strategisk vurdering av hva du mener Herbia bør gjøre med hensyn til valg

NYNORSK

I Seljord har det blitt etablert ei verksemd som produserer kosmetiske artiklar for både kvinner og menn. Verksemda var i drift nokre år i Oslo-området, men billige lokal, kvalifisert arbeidskraft og ymse stønadsordningar av finansiell art, førte til flyttinga til Seljord. Dessutan meinte ein å kunne dra marknadsmessig nytte av ei lokalisering til eit landleg miljø utan stor forureining. Forretningssideen bak firmaet og merkenamnet Herbia er nemleg at det skal vere miljøvennlege produkt, i hovudsak basert på ulike urter. Dei kjemiske tilsetningsstoffa som er naudsynte saman med urtene, er kjende som svært harmlause. Leiinga legg stor vekt på å få fram at produkta og tilsetningsstoffa ikkje har vore testa på dyr.

Distribusjonen har til no i hovudsak gått via parfymeri som sisteledd overfor forbrukarane, men ein vurderer ulike andre løysingar. På den eine sida er det mogleg å utvide marknaden mykje ved å satse på daglegvarehandelen, men dei er litt skremde over utviklinga der. Det kunne vere aktuelt å gjøre som Anita Roddick som starta Body Shop-kjeden i England i 1976, og starte ein eigen franchisingkjede. Du får i oppgåve av leiinga ved Herbia A/S å greie ut om ulike spørsmål i samband med logistikk og distribusjon for verksemda.

Oppgåve 1. (Vekt 50%)

I samband med kartlegginga av noverande ordningar skal du gi eit oversyn over eit mogleg logistikksystem basert både på:

1. Direkte distribusjon gjennom parfymeri og eigne Herbia-utsal.
2. Indirekte distribusjon via daglegvareforretningar.

Som råvarer kan du rekne glaskrukker med lokk, ymse plastartiklar(flasker, tubar o.l.), etikettar, ingrediensar som ikkje er haldbare (urter av ymse slag), andre ingrediensar(kjemikaliar o.l.), småaskar til nokre av produkta og pappemballasje til å pakke dei ymse ferdigprodukta i. På grunn av at det er små ordre til mange av distributørane og ulike typar emballasje, må den delen av pakkeprosessen der produkta skal i pappemballasje, skje skilt frå sjølve produksjonsprosessen.

- a) Gi eit oversyn over eit logistikksystem for Herbia A/S. Kommenter systemet og drøft ulike alternative løysingar. Du skal mellom anna vurdere om det er mogleg å tenkje seg returløysingar for emballasjen og om det er ønskeleg å bruke depot.
- b) Grei ut om dei faktorane(effektivitetskriteria) ein legg mest vekt på ved val av logistikkløysing.

Oppgåve 2. (Vekt 25 %)

Med utgangspunkt i den profilen Herbia legg opp til, er temaet grøn logistikk svært aktuelt. Det er viktig å tenkje heilskap og då er det ikkje nok berre å tenkje på at ingrediensar er naturlege og basert på prinsippet om berekraftig produksjon.

- a) Gi ei generell utgreiing om ulike aspekt ved temaet grøn logistikk.
- b) Vurder logistikkopplegget du har skissert for Herbia med omsyn til kor i systemet prinsipp for grøn logistikk er særrelevant.

Oppgåve 3. (Vekt 25 %)

Herbia må mellom anna vurdere om dei skal utføre alle funksjonane i logistikksystemet sjølv eller om dei skal bruke andre aktørar.

- a) Grei ut om kva typar aktørar det kan vere aktuelt å ta kontakt med.
- b) Gi ei strategisk vurdering av kva du meiner Herbia bør gjere med omsyn til val av